

NSB AS  
Pb 1800 Sentrum  
0048 OSLODato: 23.02.2017  
Vår ref.: 2016/1021-7  
Saksbehandlar: rolrose  
Dykkar ref.:

## Gratis kollektivtrafikk ved høg luftureining i Bergen

Bergen bystyre og fylkestinget i Hordaland har vedteke at det skal innførast beredskapstakstar i bomringen i Bergen på dagar med høg luftureining. I fylkestinget sitt vedtak frå 16. mars 2016 heiter det m.a.

Fylkestinget legg til grunn at takstane vert tatt i bruk i samsvar med tilrådingane i vedlagte grunnlagsnotat, med følgjande sentrale forhold:

- a) Takstnivå og forureiningsnivå:  
Det vert opna for å sette i verk femdobling av gjeldande bompengetakstar ved varsel om høg luftforureining, definert som overskriding av grenseverdiane for NO<sub>2</sub> og PM<sub>10</sub>, som er venta å vare i to dagar eller meir.
- b) Praktisk gjennomføring:  
Tiltaket vert integrert i Bergen kommune sin til ein kvar tid gjeldande beredskapsplan, med føreslåtte justeringar/suppleringar som er omtalt i vedlagte grunnlagsnotat.
- c) Kostnader og finansiering:  
Meir- eller mindreinntekter som følgje av iverksetting av tiltaket vert handtert av Bergen bompengeselskap a/s. Det inkluderer kompensasjon til Hordaland fylkeskommune for kostnader knytt til gratis kollektivtransport. Statens vegvesen vil inngå ein tilleggsavtale med selskapet etter at Samferdselsdepartementet har fastsett takstforskrift.

Slik det går fram av vedtaket så vert det lagt til grunn at kollektivtrafikken skal vera gratis dei dagane det vert innført beredskapstakstar, og at meirkostnadane/mindreinntektene som følgje av det skal dekkast av bompengeselskapet. For å sikra at tiltaket har ein rettsleg heimel er det vedteke ei lokal føresegn fremja av Samferdselsdepartementet; «Forskrift om mellombelse auka bompengetakstar i Bergen kommune, Hordaland».

Til møte i fylkesutvalet den 22. februar 2017 vart det lagt fram orienteringssak om organiseringa av den gratis kollektivtrafikken. I meldinga heiter det m.a.:

### «Om opplegget for gratis kollektivtrafikk

Fylkesrådmannen legg opp til at gratis kollektivtransport berre skal omfatta enkeltbillettar, noko som vil avgrensa omfanget og kostnadane. Gratis kollektivtransport er definert slik:

Gjeld alle typar enkeltbillettar, også klipp på Skysskort. Gjeld bybane og alle busslinjer i Bergensområdet som går inn til og ut av Sone Bergen – rutepakke Nord, Sentrum, Sør, Vest, Osterøy og Nordhordland (bussar til og med 600-serien) - alle passasjerar reiser gratis, uansett reisestrekning.

Gjeld bybåtane Kleppestø - Strandkaaien og Knarvik – Frekhaug – Bergen.

Bør inkludera togstrekninga Arna-Bergen. Per i dag ligg det ikkje føre avtale mellom Skyss og NSB. Gratis tog Arna - Bergen kan ikkje gjennomførast før ein slik avtale ligg føre.

Dei som har gyldig billett frå før kan ikkje krevje refusjon/forlenging av periodekort.

Skyss har anslått kostnadane (inntektstap og styrking av kollektivtilbodet) til om lag 1,5 millionar kroner per dag. Anslaget er svært usikkert.»

Frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune si side er det ynskjeleg at NSB sine ruter mellom Trengereid og Bergen vert omfatta av ordninga med gratis einskildbillett på dagar med beredskapstakstar. Fylkeskommunen ynskjer å koma i dialog med NSB for å få i stand ein avtale om dette. Me ber om tilbakemelding på dette.

Håkon Rasmussen  
Fylkesdirektør samferdsel

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*